

TIL DEG SOM SKAL SØKJE VIDAREGÅANDE OPPLÆRING OG SOM SØKJER MED VEDLEGGSSKJEMA: SKOLEÅRET 2012/2013 I MØRE OG ROMSDAL

Alle som søker om inntak med vedleggskjema A, B eller R skal også fylle ut søknad på Internett: www.vigo.no

A-skjema: I tillegg til søknaden på Internett (www.vigo.no), skal vedleggskjema med nødvendige kopier, sendast i 2 eksemplar til: Møre og Romsdal fylkeskommune, Utdanningsavdelinga, Fylkeshuset, 6404 Molde

R-skjema: I tillegg til søknaden på Internett (www.vigo.no), skal vedleggskjema med nødvendige kopier, sendast i 1 eksemplar til: Møre og Romsdal fylkeskommune, Utdanningsavdelinga, Fylkeshuset, 6404 Molde

B-skjema: Meldeskjemaet skal eleven sjølv levere eitt eksemplar av til kontaktlærer ved skolestart. Kopi skal sendast til: Møre og Romsdal fylkeskommune, Utdanningsavdelinga, Fylkeshuset, 6404 Molde

Ungdom som har fullført grunnskolen eller tilsvarande, har etter søknad rett til tre års heiltids vidaregåande opplæring. Heile retten må normalt takast ut i løpet av ein samanhengande periode på fem år, eller seks år når opplæringa heilt eller delvis blir gitt i lærebedrift, - og innan utgangen av det året vedkommande fyller 24 år (jf. opplæringslova § 3-1).

For deg som har behov for noko meir oppfølging eller tilrettelegging i opplæringa, må du dokumentere dette i søknaden din og fylle ut vedleggskjema i tillegg til søknaden på www.vigo.no.

A-skjema: Behov for spesialundervisning:

Dersom du ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet, har du rett til spesialundervisning, sjå opplæringslova § 5-1. Da skal du fylle ut **vedleggskjema A**. PPT må skrive ei sakkyndig vurdering om dei behova du har og den skal leggest ved vedleggskjemaet og sendast Utdanningsavdelinga (sjå over). Hugs å sende alt i **to** eksemplar.

Dersom du søker om spesialundervisning, vil du ikkje få vedtak om dette frå Utdanningsavdelinga. Du vil ta imot enkeltvedtak om innhald, omfang og organisering av opplæringa frå rektor ved den skolen du blir tatt inn som elev.

Søknadsfristen er 1. februar 2012.

R-skjema: Behov for reservert skoleplass:

Møre og Romsdal fylkeskommune har bestemt at du kan søkje om reservert skoleplass på eit programområde på ein skole i nærleiken av der du bor dersom du:

- er inne i eit bestemt behandlingssopplegg pga psykiske eller medisinske vanskar, rusproblem eller andre vanskar. (Alt.1).
- er under oppfølging av barnevernet og plassert utanfor heimen, eller i tiltak i heimen . (Alt. 2).

Dersom du søker om reservert skoleplass, må behovet du har dokumenterast med vedlegg frå den instansen som har ansvaret for behandlinga (alternativ 1) eller frå barnevernet (alternativ 2).

Søknad om reservert skoleplass gjeld sikring av plass på ein skole i nærleiken av der du bur, men gir ikkje rett til plass på ditt første ønske, jf. opplæringslova § 3-1, 6. ledd: Rett til inntak til eitt av tre alternative utdanningsprogram.

Søknadsfristen er 1. mars 2012.

B-skjema: Meldeskjema (melding om vanske som skolen bør vite om):

Dette er **ikkje** eit søknadsskjema, men ei melding til skolen du søker til om vanskar du meiner skolen bør vite om. Dette skjemaet skal du ved skolestart ta med deg og levere til kontaktlæraren ved den skolen der du blir tatt inn som elev. Kopi av skjemaet skal du sende til Utdanningsavdelinga.

Hugs at du må registrere søknaden din på www.vigo.no

Dei vanskane du vil melde frå om, kan vere forhold som er viktig for opplærings situasjonen din og som skolen bør vite om. Dette gjeld vanskar som det kan takast omsyn til innafør ordinær tilrettelegging. Vanskane du vil melde frå om må kunne dokumenterast.

Søkarar som er fylte 15 år, avgjer sjølv om dei vil melde frå til skolen om vanskar dei har, men det er ønskeleg at føresette òg skriv under på skjemaet.

Søknadsfristen er 1. mars 2012.

Du er sjølv ansvarleg for at B-skjemaet blir levert til skolen ved skolestart, og at kopi blir sendt til Utdanningsavdelinga.

Kva gjer du?

- Du treng MinID for å søke om vidaregåande opplæring. <http://minid.difi.no>
- Ta kontakt med skolen/institusjonen der du er elev. **Rådgivar vil hjelpe deg med innsøkinga.**
- Fyll ut søknadsskjemaet på Internett (www.vigo.no)
- Fyll ut vedleggsskjemaet som skal brukast, dette får du på skolen der du er elev, eller du finn det på www.mrfylke.no/utdanning/vedleggsskjema
- Legg ved dokumentasjon som er oppgitt i vedleggsskjema.
- A-skjema med nødvendige vedlegg sendast til Møre og Romsdal fylkeskommune, Utdanningsavdelinga, i 2 eksemplar.
- R-skjema med nødvendige vedlegg sendast til Møre og Romsdal fylkeskommune, Utdanningsavdelinga, i 1 eksemplar.
- B-skjema med nødvendige vedlegg skal leverast til skolen ved skolestart, kopi skal sendast til Møre og Romsdal fylkeskommune, Utdanningsavdelinga.

Klagerett

Klage på vedtak om inntak

Det er Møre og Romsdal fylkeskommune ved Utdanningsavdelinga som behandlar søknader om inntak til vidaregåande opplæring. Alle søknader blir vurdert ut frå dei opplysningar og vedlegg som søknaden inneheld. Dersom du meiner at vedtaket er feil har du rett til å klage.

Søkar har klagerett på vedtak om:

- inntak til vidaregåande opplæring
- tap av retten til vidaregåande opplæring
- særskilt prioritert utdanningsprogram
- opplæring ut over 3 år

Klageinstans: Klageinstans for desse enkeltvedtaka er **Fylkesmannen i Møre og Romsdal**.

Klagen skal sendast til: Møre og Romsdal fylkeskommune, Utdanningsavdelinga, Fylkeshuset, 6404 Molde

Men stilast til: Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde.

Klagefristen er tre veker frå den dato du mottar vedtaket.

Ytterlegare informasjon om klageretten finn du på <http://www.vilbli.no> under [Elev og skole -> Hvordan søker du? -> Klagerett](#).

Klageretten gjeld òg for enkeltvedtak om spesialundervisning

Det er rektor ved skolen der du er tatt inn som behandlar søknader om spesialundervisning. Rett til spesialundervisning etter opplæringslova § 15-2 og forvaltningslova § 28

Klageinstans for desse enkeltvedtaka er **Fylkesmannen i Møre og Romsdal**.

Klagen skal sendast til: Rektor ved skolen der du er tatt inn som elev.

Men stilast til: Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Fylkeshuset, 6404 Molde.

Kopi av klagebrevet skal sendast til:

Møre og Romsdal fylkeskommune, Utdanningsavdelinga, Fylkeshuset, 6404 Molde.

Klagefristen er tre veker frå den dato du mottar vedtaket.

Ytterlegare informasjon om klageretten finn du på <http://www.vilbli.no> under [Elev og skole](#) -> [Hvordan søker du?](#) -> [Klagerett](#).

Andre vedtak i samband med inntak som kan påklagast:

- inntak til bestemte programområde
- inntak på ein bestemt skole

Klageinstans: For desse vedtaka er det **fylkeskommunen si klagenemnd** som er klageinstans.

Klagen skal sendast til: Møre og Romsdal fylkeskommune, Utdanningsavdelinga, Fylkeshuset, 6404 Molde.

Men stilast til: Klagenemnda i Møre og Romsdal fylkeskommune, Fylkeshuset, 6404 Molde.

Klagefristen er tre veker frå den dato du mottar vedtaket.

Ytterlegare informasjon om klageretten finn du på <http://www.vilbli.no> under [Elev og skole](#) -> [Hvordan søker du?](#) -> [Klagerett](#).

Framgangsmåte ved klage:

Klagefristen er 3 veker etter at melding om vedtak er mottatt. Klagen skal vere underskriven av søker eller verje for søker.

Klagen må vere grunngitt, og i grunngivinga må opplysningar som er viktige ved vurdering av klagen komme fram.

Ta gjerne kontakt med Utdanningsavdelinga før klagen blir sendt inn.

Viktige lovparagrafar:

§ 3-1 i opplæringslova

§ 15-2 i opplæringslova

§ 28 i forvaltningslova

I tillegg finn du meir informasjon om søking

til vidaregåande opplæring på www.vilbli.no

Du vel frå stikkorda på første side.

Klikk på "Tilbod i Møre og Romsdal" eller på

kartet; så vil eventuell tilleggsinformasjon som

gjeld fylket kome fram.

